



Justis- og beredskapsdepartementet

Jfr.

Saksnr. 14/163	Arkivkode FA-M74	Journalnr. 14/1046	Dykkar ref.	Vår ref. MRA	Dato 14.02.2014
-------------------	---------------------	-----------------------	-------------	-----------------	--------------------

Brannstudien- høyringsfråsegn

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) gav 5. oktober 2012 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oppdrag å sjå på brann- og redningsvesenet si organisering og ressursar. Oppdraget er forankra i Meld. St. 29 (2011-2012) «Samfunnssikkerhet» og tilhøyrande Innst. 426 S (2012- 2013). Arbeidsgruppa si hovudoppgåve har vore å greie ut korleis dei samla ressursane som vert nytta i brann- og redningsvesenet i dag, kan nyttast best mogeleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar for å nå dei nasjonale måla i St.meld. nr. 35 (2008–2009) «Brannsikkerheit»:

- Færre omkomne i brann
- Unngå tap av uerstattelige kulturhistoriske verdiar
- Unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar
- Styrke beredskap og handteringsevne
- Mindre tap av materielle verdiar

Arbeidsgruppa har gjennomført ei omfattande vurdering og har drøfta tre hovedmodellar for framtidig organisering av brannvesena. Arbeidsgruppa sin rapport endar ut med drøfting av sju styrande faktorar for val av organisasjonsmodell. Gaular kommune vel å gje uttale til kvar av faktorane.

1. Kommentar til konklusjonane under kvar faktor

Analysere og lære

Arbeidsgruppa konkluderer med at etter større kvart einskild brann- og redningsvesen blir, etter betre blir det tilrettelagt for analyse, læring og kunnskapsutvikling.

Gaular kommune er berre delvis einig i dette. Kompetanseveksten innan overordna leiing vil utan tvil bli større ettersom denne gruppa vil vere involvert i fleire hendingar. Det er likevel ikkje like sikkert at den einskilde brannmann vil få same auke av ulykker og hendingar han blir involvert i og ved dette kompetansevekst. Dette på grunn av at dersom beredskapskravet og innsatstida skal haldast på same nivå som i dag, må den operative delen av brann- og redningsvesenet også i framtida vere spreidd utover i områder som har store avstandar. Ein kompetanseauke i leiinga er utan tvil positivt, men med for store einingar vil det vere utfordrande å overføre organisatorisk læring frå toppnivået i organisasjonen og nedover slik at dette har effekt for til den einskilde mann.

Forebygge

På dette området forstår Gaular kommune det slik at arbeidsgruppa ikkje er sikker på kva modell som gjev størst framtidig effekt. Likevel blir ein av dei to modellane for størst organisasjon tilrådd.

Gaular kommune meiner at dersom førebyggjande arbeid skal vere eit kommunalt ansvar i framtida, vil ein modell der kompetanse og utøvande ansvar vert lagd utanom kommunen føre til ansvarsdeling som er uheldig. Dette vil vere spesielt merkbart dersom det blir store einingar med lang avstand til besluttande myndigheit i kommunane. Denne organiseringa vil mest truleg svekke dette arbeidet både innanfor byggesakshandsaming og planarbeid samt andre tenesteytingar som kommunen skal gjennomføre. Gaular kommune er einig i at for å få kompetanseheving og fagmiljø som kan bevare kompetanse må dette arbeidet omorganiseras. Her burde arbeidsgruppa hatt mandat til å vurdere ein modell der brann- og redningsvesenets operative oppgåver og det førebyggjande arbeidet vart ivaretatt i to adskilte organiseringar. Disse to hovudoppgåvene har liten synergieffekt mot kvarandre og ansvaret må ikkje ligge i same organisasjon for å kunne utøvast. Gaular kommune tilrår at dette blir vurdert på nytt, ettersom førebyggjande arbeid også i framtida vil vere ei viktig oppgåve som politisk leining i den einskilde kommune må ha styring på for å ivareta innbyggjarane si sikkerheit.

Forberede og håndtere

Arbeidsgruppa meiner at organisering der det blir størst moglege brann- og redningsvesen vil ha størst potensiale for å kunne forberede og handtere hendingar. Dette på grunn av oppbygging av spesialkompetanse og spesialutstyr.

Dette er Gaular kommune delvis einig i, men det er ei føresetnad av nødvendig kompetanse og utstyr blir desentralisert slik at førsteinnsatsen har dette tilgjengeleg ved utrykking. Eit eksempel her er røykdykkarkompetanse, som i dag ikkje er krav ved deltidsbrannvesen. Likevel har fleire kommunar utdanna mannskapar til dette på grunn av at utan denne kompetansen vil førsteinnsatsen vere effektiv nok til livreddande arbeid innanfor dei tidsråmene som må vere kravet

Økonomi

Arbeidsgruppa peikar på at kostnadane per innbyggjar vil auke etter større organisasjonsmodell som blir valt. Likevel meiner dei at dei to største organiseringsmodellane vil gje større mulighet for å oppfylle kriteriet om mest mulig effektiv bruk av dei samla ressursane enn modell 3.

I alle store organisasjonar må det vere mellomleiarar som har ansvar for økonomi, materiell og personell. Behovet for mellomleining aukar etter større organisasjonen er og etter større geografisk avstand det er mellom toppleining og utøvande element. Dette vil vere ein av fleire kostnadsdrivarar med ein stor organisasjon. Blir organisasjonen stor nok må det også etablerast administrativt element som i dag er spreidd ut på dei einskilde kommunane. Gaular kommune stiller seg undrande til konklusjonen og meiner at dette viktige elementet i vurdering av omorganiseringa må gjennomførast meir detaljert før organisasjonsmodell blir valt.

Leining

Arbeidsgruppa konkluderer med at innafor leining er det ikkje forskjell på dei tre organisasjonsmodellane, på grunn av at alle blir så store at det vil bli heiltidstilsett leining.

Gaular kommune er einig i at det er ein stor fordel å få så stor organisasjon at det blir heiltidsleining på toppen. Vi vil likevel påpeike at det er vesentlege forskjellar i leining av dei

tre modellane. I administrativ leing må det byggast ein struktur på leing som har ansvar for økonomi, materiell og personell gjennom heile organisasjonen. Denne blir meir kompleks etter større organisasjonen er. Den operative leinga vil også vere vesentleg forskjellig ved største og minste organisasjonsmodell. Arbeidsgruppa tilrår at det skal etablerast ein organisasjon som skal dekke heile fylket, eller større enn dette. Ved ein så stor organisasjon i operativ innsats må det vere eit effektivt kommandoapparat som har moderne kommandosentral. Gaular kommune meiner at dersom denne organisasjonsmodellen blir vurdert vidare, må dagens 110 sentral vurderast vidareførast som alarm- og kommandosentral.

Ansvar og styring

På dette området gjev ikkje arbeidsgruppa anbefaling

Ansvar og styring er detaljutføring om korleis heile organisasjonen skal virke. Dersom dette området ikkje er utgreidd er det ikkje mogeleg å trekke konklusjon om kva modell som er best.

Gaular kommune meiner at før organisasjonsmodell blir valt må dette området detaljutførest Disse vurderingane er så viktige for framtidig drift både i førebygging, operativ innsats og beredskapsfase at etter denne utgreiinga må det gjennomførast ny høyring før val av organisasjonsmodell.

Demokrati, styring og kontroll

Arbeidsgruppa konkluderer med at med dagens kommunestruktur vil det vere utfordrande å ivareta omsynet til demokrati, styring og kontroll i brann- og redningsvesen i store einingar som dekker eit stort tal kommunar, enn i organisasjonar som dekker ein eller fleire kommunar.

Dette er Gaular kommune einig i, men meiner likevel at ei omorganisering av brann- og redningsvesenet må gjennomførast. Dette slik at einingane blir større og så store at det er mogeleg å tilsette leing på fulltid.


2. Oppsummering

Gaular kommune sluttar seg til at framtidig organisering av brann- og redningstenesta må baserast på større einingar for å få betre kvalitet i tenestene. Organiseringa i Sogn og Fjordane må ta omsyn og dei geografiske avstandane og til busettingsmønsteret i fylket

Det er viktig at framtidig organisering nyttar ei organisasjonsform som også bli nytta ved andre interkommunale organisasjonar, dette for å få ens styring av dei kommunale tenestene som skal styrast i samarbeid mellom fleire kommunar.

Gaular kommune vil derfor rå til at modell 3 som gir ei brann- og redningstenest som er tilpassa minimum 20.000 innbyggjarar blir valt som modell for vidare utgreiing. Fleire område må utgreiast meir detaljert før endeleg val av organisasjon og styringsform blir gjennomført.

Med helsing



Mathias Råheim
Ordfører